

DEN NYE NORSKPLANEN
skal takast i bruk frå skulestart
hausten 2020. **S. 4**

KVA BØKER KAN DU BRUKE
for å arbeide med verdigrunnlaget
i opplæringa? **S. 8**

UTKASTET TIL NY OPPLÆRINGSLOV
er ikkje tilpassa dagens digitale
skulekvardag. **S. 2**

NYNORSKOPPLÆRING

NR. 34 | VÅREN 2020 | EIT BLAD OM NYNORSK FRÅ BARNEHAGE TIL VIDAREGÅANDE SKULE



Utdatert opplæringslov

TEKST: **Torgeir Dimmen**, leiar for Nynorsksenteret

UTKASTET TIL NY opplæringslov er ikkje tilpassa dagens digitale skulekvardag. Det ser ut som om utvalet som står bak NOU 2019: 23 *Ny opplæringslov*, rett og slett ikkje veit korleis digitale verktøy blir brukte i klasseromma for tida. I alle fall ikkje i nynorskområde.

Nynorskelevane må få sjå og bruke sitt eige språk i alle samanhangar der dei har rett til det. Særleg på skulen. Dette er eit opplagt vilkår for at «opplæringa skal sikre at elevane blir trygge språkbrukarar og at dei utviklar språkleg identitet», slik det står i den overordna delen av læreplanen.

Det store problemet er at mange av dei mest brukte appane, læringsressursane, kontorstøtteprogramma og operativsystema ikkje finst i nynorskversjonar. Nokre er tilgjengelege, men då i dårlege eller lite brukarvennlege versjonar. Mange elevar har heller ikkje tilgang til fungerande nynorsk stavekontroll i skriveprogramma skulane utstyrt dei med.

Manglande digitale nynorskressursar er godt dokumentert. Dei siste to–tre åra har Nynorsksenteret, Noregs Mållag og LNK/Framtida kartlagt status og skrive mykje om dette. Siste undersøkinga vart gjennomført av *Framtida.no* i februar–mars i år. Her svara fire av fem lærarar ved nynorske skular at klassen deira må bruke digitale ressursar på bokmål minst ein gong i veka – sjølv om dei kunne ønskt at dei var på nynorsk. Eit stort fleirtal svara også at elevane brukar Chromebook eller iPad. Dette er verktøy med innebygde operativsystem som ikkje er tilrettelagde for nynorske menyar.

Forum for nynorsk i opplæringa hadde denne problemstillinga som hovudsak på to møte i Utdanningsdirektoratet våren 2019. Vi skreiv brev både til Utdanningsdirektoratet og Kunnskapsdepartementet og peika på at formuleringane i forskrifta til gjeldande opplæringslov ikkje var tilpassa dagens digitale skulekvardag. Både definisjonen av «læremiddel» og kva som skulle om-

fattast av parallellkravet, måtte reviderast. Våren 2018 hadde også Språkrådet skrive eit brev med liknande innhald.

Svara vi fekk i 2018 og 2019, var at det ikkje var aktuelt å endre gjeldande tolking av ei lov som snart skal bytast ut, men at innspela våre ville bli vurderte i arbeidet med den nye lova.

I NOU 2019: 23 er argumenta våre siterte, men avviste. «Utvalget støtter ikke forslaget og mener at for eksempel læringsverktøy som tekstbehandlingsprogrammer og andre kontorstøtteprogrammer ikke bør omfattes av [parallellitets-]kravet» (s. 392).

Utvalet foreslår altså at den uklare og utdaterte definisjonen av læremiddel i gjeldande lov (frå 1998) med tilhøyrande forskrifter (frå 2010) skal vidareførast uendra. Blir dette ståande, undergrev det dei språklege rettane til nynorskelevane i morgondagens skule.

NYNORSKOPPLÆRING nr. 34, 14. årgangen

BLADSTYRAR: Ingvild Myklebust Hovden

FORMGJEVING: Arild Torvund Olsen

SPRÅKVASK: Aud Søyland og Arild Torvund Olsen

SKRIFTER: Comic strip (Phil Elliott), Auto og Dolly

PRENTEVERK: Tinde design & trykk AS

FRAMSIDE: Bjørn Rune Lie

ISSN: 1890-3975 / 1891-1633 (NETTUTGÅVA)

NYNORSKOPPLÆRING vert gjeve ut av Nynorsksenteret.

Send eit e-brev til ror@hivolda.no for å få bladet gratis i posten.

Hugs å sende med namnet og adressa di!

Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa

Høgskulen i Volda, Postboks 500, 6101 Volda

www.nynorsksenteret.no

Nynorsksenteret har gjeve ut ein katalog med omtalar av 40 gode nynorske barne- og ungdomsbøker.

Ein god hyllemeter

TEKST OG FOTO: **Ingvild Myklebust Hovden**

nynorsksenteret.no/hyllemeter

SOM EIN DEL AV BOKÅRET 2019 har Nynorsk-senteret, Pirion, Framtida.no og Framtida junior kåra dei beste nynorske barne- og ungdomsbøkene etter år 2000 innanfor fire kategoriar. Kategoriane var biletbøker, barnebøker, ungdomsbøker og faktabøker.

– Vi ønskjer å løfte fram den nynorske barne- og ungdomslitteraturen og synleggjere dei som skriv på nynorsk, fortel Liv Astrid Skåre Langnes ved Nynorsksenteret.

Det var nynorsk originallitteratur som fekk vere med i utvalet, altså bøker som ikkje er omsette frå eit anna språk.

– Kvar forfattar kunne vere representert med éi bok i kåringa. Slik vart mange forfattarskapar representerte, og vi fekk kasta lys over ein stor del av den nynorske barnebokhylla, fortel Liv Kristin Bjørlykke Øvereng ved Nynorsksenteret.

I katalogen finn du også tips til fleire andre gode nynorske bøker i eit breitt utval av sjangrar og uttrykksformer. Det er bøker som ikkje høyrer heime i ein av dei fire kategoriane, eller som av andre årsaker ikkje vart med på listene over dei beste bøkene på nynorsk: diktsamlingar, teikne-seriebøker, peikebøker, bøker av utanlandske forfattarar og eit utval bøker skrivne før år 2000. Set du alle desse bøkene ved sida av kvarandre, får du godt og vel ein meter med bøker frå øvste hylle. ■

Innhold

Utdatert opplæringslov av Torgeir Dimmen	S. 2
Ein god hyllemeter av Ingvild Myklebust Hovden	S. 3
Den nye norskplanen av Marit Wadsten	S. 4
Ny barnehageplakat illustrert av Kristoffer S. Mathisen	S. 7
Verdifull litteratur av Guro Kristin Gjødal	S. 8
Tenkjer i scener av Anna Kirsten Aaland Hellevang	S. 12
Digitale ressursar av Anne Marta Vinsrygg Vadstein og Arild Torvund Olsen	S. 14
Nynorsk på 1-2-3 av Arild Torvund Olsen og Kristoffer S. Mathisen	S. 16



Kva er eksplisitt uttrykt om hovudmål/sidemål og nynorsk/bokmål i den nye norskplanen, og korleis er progresjonen i sidemål tenkt? Med dette for auge har vi gått inn i den nye norskplanen som skal takast i bruk frå skulestart 2020.

Den nye norskplanen

TEKST: **Marit Wadsten** FOTO: **Anna Kirsten Aaland Hellevang**



UNDER «Fagets relevans og sentrale verdier» finn vi at norsk er eit sentralt fag for kulturforståing, kommunikasjon, danning og identitetsutvikling, og at faget norsk skal gje elevane innsikt i den rike og mangfaldige språk- og kulturarven i Noreg. Gjennom arbeid med faget skal elevane bli trygge språkbrukarar og bli bevisste på sin eigen språklege og kulturelle identitet innanfor eit inkluderande fellesskap der fleirspråklegheit blir verdsett som ein ressurs. Dette er fine målsettingar.

Kjerneelementa

Dei seks kjerneelementa opnar for å arbeide med nynorsk og bokmål på ulike måtar. Elevane skal utforske og reflektere over skjønnlitteratur og sakprosa på både bokmål og nynorsk, og dei skal kunne skrive på hovudmål og sidemål i ulike sjangrar og for ulike formål. Dei skal òg ha innsikt i samanhengen mellom språk, kultur og identitet og kunne forstå korleis den språklege situasjonen er for dei sjølv og for andre i Noreg.

Grunnleggande ferdigheiter

Her merkar vi oss spesielt at skriving i norsk inneber å uttrykke seg med ei stadig større språkleg sikkerheit på både hovudmål og sidemål. Den første skriveopplæringa skal skje på eleven sitt hovudmål, og det skal òg den første leseopplæringa.

Kompetansemål og vurdering – store endringar

Barnetrinnet

Etter 2. trinn skal elevane kunne lytte til og samtale om skjønnlitteratur og sakprosa på bokmål og nynorsk. Etter 4. trinn skal elevane i tillegg kunne samtale om kva tekstane betyr for dei. Vidare skal dei ha utforska forskjellar og likskapar

Det som er nytt etter 4. trinn, er at elevane skal ha utforska forskjellar og likskapar mellom skriving på hovudmål og sidemål. Den nye norsksplanen legg altså opp til tidlegare start med utforsking av skriving på sidemål.

mellom skriving på hovudmål og sidemål. Etter 7. trinn skal elevane kunne lese ulike typar tekstar på bokmål og nynorsk, og dei skal ha prøvd ut det å skrive tekstar på sidemålet. Elevane skal altså som før lese både bokmål og nynorsk, og dei skal skrive på sidemål på barnetrinnet.

Tidlegare start med skriving på sidemål

Det som er nytt etter 4. trinn, er at elevane skal ha utforska forskjellar og likskapar mellom skriving på hovudmål og sidemål. Den nye norsksplanen legg altså opp til tidlegare start med utforsking av skriving på sidemål. I den førre planen kom dette først inn etter 7. trinn. Tidleg start med nynorsk som sidemål veit vi er viktig, så dette ser vi på som ei styrking.

Ungdomstrinnet

Etter 10. trinn skal elevane kunne lese skjønnlitteratur og sakprosa på bokmål og nynorsk og reflektere over formålet med tekstane, og dessutan innhald, sjangertrekk og verkemiddel. Dei skal kunne skrive tekstar med funksjonell tekstbinding og rett teiknsetting, og dei skal meiste rettskriving og bøying av ord på hovudmål og sidemål. Dei skal òg kunne forklare den historiske bakgrunnen for bokmål og nynorsk og reflektere over statusen til dei offisielle språka i Noreg i dag.

Det er i vurderingsordningane at dei største endringane skjer. I halvårsvurderingane på 8. og 9. trinn skal læraren no gje ein karakter i norsk

munntleg og ein i norsk skriftleg. Halvårsvurderinga i norsk skriftleg skal gjevast ut frå elevane sin skrivekompetanse i både hovudmål og sidemål, og i vurderinga av norsk skriftleg sidemål skal læraren ta omsyn til at elevane har hatt lengre tid med formell opplæring i hovudmål enn i sidemål. Dette er nytt, og det er omstridd. I halvårsvurderinga på 10. trinn skal læraren som før gje tre karakterar, på same måte som i standpunkt-vurderinga etter 10. trinn.

Vidaregåande

Etter Vg1 og Vg2 Studieførebuande skal elevane kunne lese, analysere og tolke nyare skjønnlitteratur på bokmål og nynorsk, dei skal kunne skrive tekstar med god struktur og tekstbinding og meiste teiknsetting og rettskriving på hovudmål og sidemål. Læraren og elevane skal vere i dialog om utviklinga elevane viser i norsk munnleg og i skriftleg hovudmål og sidemål. I halvårsvurderinga skal læraren gje ein karakter i norsk munnleg og ein i norsk skriftleg. Karakteren i norsk skriftleg skal gjevast på grunnlag av kortare og lengre elevtekstar i ulike sjangrar på både hovudmål og sidemål.

Etter Vg3 Studieførebuande skal elevane kunne analysere og tolke ulike tekstar på bokmål og nynorsk og reflektere over tekstane i lys av den kulturhistoriske konteksten og eiga samtid. Dei skal òg meiste språklege formkrav på hovudmål og sidemål og kunne skrive tekstar

med etterretteleg kjeldebruk og eit presist og nyansert språk. Elevane viser og utviklar kompetanse når dei reflekterer over språk og tekst og meistrar språklege formkrav på hovudmål og sidemål. Læraren og elevane skal her òg vere i dialog om utviklinga elevane viser i norsk munnleg og skriftleg hovudmål og sidemål. I halvårsvurderinga skal læraren gje like mange karakterar som i standpunktvurderinga.

I standpunktvurderinga skal læraren sette tre karakterar, ein i munnleg, ein i norsk skriftleg hovudmål og ein i norsk skriftleg sidemål, dei to siste baserte på kompetansen eleven har vist i eit breitt utval elevtekstar i ulike sjangrar. I vurderinga av norsk skriftleg sidemål skal læraren også etter Vg3 ta omsyn til at elevane har hatt lengre tid med formell opplæring i hovudmål enn i sidemål.

På påbygging til generell studiekompetanse skal elevane kunne analysere og tolke tekstar på bokmål og nynorsk, og dei skal meistre språklege formkrav på hovudmål og sidemål og skrive tekstar med etterretteleg kjeldebruk og eit presist og nyansert språk. Her gjeld elles dei same føringane for undervegsvurdering og standpunkt som for Vg3.

På yrkesfaglege studieretningar skal elevane skrive på hovudmålet sitt og ha ein standpunkt-karakter.

Færre karakterar og differensiert vurdering av sidemål

Det som verkeleg har skapt debatt, er at læraren i vurderinga av norsk skriftleg sidemål skal ta omsyn til at elevane har hatt lengre tid med formell opplæring i hovudmål enn i sidemål, og til dei skeivheitene dette vil medføre i vurderinga. Norsk lektorlag skriv i høyringssvaret sitt til læreplanen at det vil bli «håpløst å vite hvor man skal

legge lista når man vurderer, hvis man skal 'ta hensyn' slik forslaget lyder». Dei trur òg at ambisjonsnivået for sidemålet vil bli lågare, slik dette no er formulert.

Ein eller to karakterar i skriftleg sidemål har òg vore heftig debattert. Om færre karakterar vil gje læraren betre tid til god undervisning heller enn å måtte skaffe grunnlag for å sette tre karakterar, slik mange norsklærarar har hevda, det står att å sjå.

Korleis kvar einskild rektor og norsklærer omkring i landet kjem til å oppfatte og tolke desse endringane, er eit ope spørsmål. Det er liten tvil om at lærarane no får eit tyngre ansvar for å ta vare på det jamstilte, men mindre brukte språket i undervisninga si, slik at dette språket ikkje blir svekt. ■

Ny vurderingsordning

- **10. trinn:** Elevane skal ha tre standpunkt-karakterar, ein i norsk munnleg, ein i norsk skriftleg hovudmål og ein i norsk skriftleg sidemål.
- **Vg2 yrkesfaglege utdanningsprogram:** Elevane skal ha éin standpunkt-karakter.
- **Vg3 studieførebuande utdanningsprogram:** Elevane skal ha tre standpunkt-karakterar, ein i norsk munnleg, ein i norsk skriftleg hovudmål og ein i norsk skriftleg sidemål.
- **Vg3 påbygging til generell studiekompetanse:** Elevane skal ha tre standpunkt-karakterar, ein i norsk munnleg, ein i norsk skriftleg hovudmål og ein i norsk skriftleg sidemål.

Fagfornyinga

Vi har fått nye læreplanar som skal takast i bruk frå skulestart 2020. Målet med fagfornyinga er ifølgje UDIR at det elevane lærer, skal vere meir relevant, at det skal bli meir djupnelæring, at det skal bli betre samanheng i og mellom faga, og at dei ulike delane av læreplanen skal henge betre saman. Ein konsekvens av dette er at talet på kompetansemål er mykje redusert i fleire av faga. I tillegg skal ny overordna del erstatte tidlegare generell del.

Vi får no tre tverrfaglege tema:

- Demokrati og medborgarskap
- Berekraftig utvikling
- Folkehelse og livsmeistring

Trinnvis innføring

- Skuleåret 2020–21 tek 1.–9. trinn og Vg1 i bruk nye læreplanar.
- Skuleåret 2021–22 tek 10. trinn og Vg2 i bruk nye læreplanar.
- Skuleåret 2022–23 tek Vg3 i bruk nye læreplanar.

Kjerneelement i norsk

- Tekst i kontekst
- Kritisk tilnærming til tekst
- Munnleg kommunikasjon
- Skriftleg tekstsaking
- Språket som system og moglegheit
- Språkleg mangfald

Læreplanen

Den nye læreplanen i norsk finn du på sida til Utdanningsdirektoratet:
<https://www.udir.no/lk20/nor01-06>

På nettsida til Nynorsksenteret finn du no ein plakat med seks punkt om korleis borna kan møte nynorsk i barnehagen og få eit godt grunnlag for kulturopplevingar, språkleg tryggleik, lesing og skrivning.

Ny barnehageplakat

ILLUSTRASJON: **Kristoffer S. Mathisen**

nynorsksenteret.no/barnehageplakat

PÅ NETTSIDA kan du laste ned plakaten i PDF-format og skrive han ut sjølv. Dersom du vil ha eit gratis papireksempplar av plakaten (A3-format), kan du ta kontakt med oss på ror@hivolda.no.

Nynorsk i barnehagen

Plakaten syner fram seks område der barnehagen kan gje borna gode møte med nynorsk:

HØGTLESING: Les for alle, og les nynorsk tekst som han står.

RIM OG REGLER: Rim og regler gjev erfaringar med struktur i språket og er ei kjelde til humor.

SKRIFT: Ha skrivesaker ståande framme både ute og inne.

SONG: Å syngje er ein god språkstimulerande aktivitet for alle, særleg fleirspråklege.

LEIK: Bruk bøker som leikeinspirasjon.

SAMTALE: Fleire språk og dialektar er ein ressurs. Snakk om språk!



Skulen skal byggje praksisen sin på verdiane i formålsparagrafen i opplæringslova. Til dette er litteraturformidling og -undervisning ein målretta metode.

Verdifull litteratur

Litteraturundervisning etter verdigrunnet i opplæringa 1–13

TEKST: **Guro Kristin Gjøsdaal** FOTO: **Ingvild Myklebust Hovden**



FORMÅLSPARAGRAFEN FOR SKULEN uttrykkjer verdjar som samlar Noreg som samfunn (Utdanningsdirektoratet, 2020). Verdiane er grunnlaget for demokratiet vårt og skal hjelpe oss å leve, lære og arbeide saman i ei kompleks samtid og i møte med ei ukjend framtid. Dei felles verdiane byggjer på kristen og humanistisk arv og tradisjon. Dei kjem òg til uttrykk i ulike religionar og livssyn, og dei er forankra i menneskerettane.

Kvifor lese og bruke litteratur i grunnopplæringa?

Litteraturundervisning er meir enn danning og identitet. Ho er også fascinasjon, oppleving, identifikasjon og ei kjensle av fellesskap (D. Kibsgaard Sjøhelle i Moe, 2018, s. 191). Å lese skjønnlitteratur er ein viktig innfallspørt til å finne mening i tekst og å finne fleire lag og tolkingar i tekst. Eit overordna mål for litteraturundervisninga i skulen er å skape leselyst og å gi elevane reiskapar til å formulere eigne refleksjonar om litteratur. Eit udefinert mål er også at skjønnlitteratur skal framkalle kjensler og gi forståing og innsikt i livet.

Elevane skal bevege seg oppover «lesestigen» frå avkoding, leseforståing og spenning via kognitiv gjennomarbeiding til ny, djupare forståing. Den djupare forståinga kan forståast som leseglede på eit anna nivå enn den direkte opplevinga (Skardhamar i Moe, 2018, s. 192). Ei av oppgåvene til læraren i arbeidet med litteratur i skulen er å trene elevane i refleksjon og perspektiv og la dei møte personar, historier og tema som vedkjem dei, og som dei kan identifisere seg med. Samstundes erfarer eg at det er godt for barn og ungdom å fordjupe seg og få ei estetisk oppleving. Dette har ein verdi i seg sjølv, samstundes som det kan føre til sjølvforståing og meistring (Moe, 2018, s. 192). Det er også ofte slik at elevane som les mykje, blir betre skrivjarar, noko også Moe hevdar.

Noko av det viktigaste vi kan gjere som lærarar, er å skape kultur for lesing. I dette ligg å skape eit miljø der fleire elevane identifiserer seg som lesarar (Moe, 2018, s. 201). Å formidle leseglede og engasjement i klasserommet er sentralt, om vi ønskjer at ungdom skal lese meir. Å gjere litteraturen synleg er òg ein måte å stimulere til lesing. For eksempel kan læraren vise fram bøkene fysisk og omtale dei eller lese frå dei, eller han/ho kan invitere ein forfattar, formidlar eller bibliotekar til å besøke klasserommet (Kulbrandstad i Moe, 2018, s. 201). Ved å ta utgangspunkt i elevane sine tankar om det dei les, kan vi få til ein dialog på dei unge sine premisser. Dette kan igjen bli eit godt utgangspunkt for litteraturkunnskap og fagomgrep. Marthe Moe oppfordrar læraren til at all litteraturformidling ikkje treng bli målt og vurdert. Eg opplever at å lese berre for leseglede si skuld kan gjere at lesaren trivst og er meir til stades, og verkelegheitsflukt, avkopling, flyt og underhaldning er også viktige sider ved det å lese.

Kvifor nynorsk litteratur?

Ein norsk og også nynorsk tendens i litteraturen er at håpet får leve. På slutten av 1970-talet uttala Knut E. Løgstrup at temaet håp tuklar ein ikkje med i barne- og ungdomslitteraturen, og det tek den norske og nynorske forfattaren framleis på alvor. Venskap, skarpttenkjande og snarrådige unge menneske i utvikling, mot, opprør og tabu er også sentrale tema vi ser att i nynorsk ungdomslitteratur (Støylen, 2017, s. 2–13). Forfattarane som lykkast med ungdomslitteratur, skriv på lag med lesaren, og ungdomslesarane sin posisjon som aktør til dømes i litteraturkritikken viser at dei unge har ei viktig stemme som blir teken på alvor. Den nynorske litteraturen er kjend for høg og prislønt litterær kvalitet med fleire lesarnivå

og ulike lesarroller, og fleire bøker utmerker seg som framtidige klassikarar og litterære kanonar.

Førsteamanuensis Pål Hamre ved Høgskulen i Volda meiner at mange kan kjenne seg att i den nynorske litteraturen, noko som kan vere grunnlag for identitetsutviklande perspektiv. For andre kan den nynorske litteraturen verke framand og gi den motstanden og ulikskapen danning føreset. I tillegg dreg Hamre fram at elevane lærer nynorsk gjennom å lese nynorsk (Hamre, 2006).

Menneskeverdet

Formålsparagrafen byggjer på at menneskeverdet er ukrenkjeleg, og at alle menneske er like mykje verde, uavhengig av kva som elles skil oss. Menneskerettane har grunnlag i menneskeverdet og byggjer på universelle verdjar som gjeld for alle, same kven dei er, kvar dei kjem frå, og kvar dei held til. Elevane skal tileigne seg kunnskap om menneskerettane. Menneske er sårbare og gjer også feil. Tilgiving, nestekjærleik og solidaritet er nødvendig for at menneske skal vekse og utvikle seg. Overtyinga og samvitet til kvar enkelt skal takast på alvor, slik at alle kan tenkje, tru og ytre seg fritt. Elevane skal sjølv bidra til å vareta menneskeverdet og reflektere over korleis dei kan hindre at det blir krenkt.

Barnetrinnet 1–4

- *Himmelspringaren* (Sissel Horndal)
- *Kakerlakken med den stygge frakken ... og hovudet fullt av triste tankar* (Martine Grande)
- *Jakob og Neikob og Alle Andre* (Kari Stai)

Barnetrinnet 5–7

- *Klure* (Atle Hansen)
- *Verdas mest forelska par* (Rune Belsvik)
- *Fly, Thea! Fly!* (Bente Bratlund)

Ungdomstrinnet

- *Zweet* (Marit Kaldhol)
- *Heksejakt* (Aina Basso)
- *Inn i elden* (Aina Basso)

Vidaregåande trinn

- *Lesebok for jenter* (Solveig Aareskjold)
- *Mot normalt* (Bjørn Hatterud)
- *Eg får aldri sjå verda igjen* (Ahmet Altan)

Identitet og kulturelt mangfald

Innsikt i historia og kulturen vår er viktig for at elevane utviklar identitet og skaper tilhøyrse til samfunnet. Elevane skal lære å kjenne dei verdiane og tradisjonane som bidreg til å samle menneska i landet. Kristen og humanistisk arv og tradisjon er ein viktig del av den samla kultur-arven i landet og har spelt ei sentral rolle for utviklinga av demokratiet vårt. Den samiske kultur-arven er ein del av kulturarven i Noreg. Vår felles kulturarv har utvikla seg gjennom historia og skal forvalast av nolevande og komande generasjonar. Skulen skal støtte utviklinga av identiteten til kvar enkelt og gjere elevane trygge på eigen ståstad, samtidig som han skal formidle felles verdiar som trengst for å møte og delta i kultur-mangfaldet, og opne dører mot verda og fram-tida.

Barnetrinnet 1–4

- *Papelina* (Randi Fuglehaug og Jill Moursund)
- *Teo i trøbbel* (Solveig Blindheim Bendixen)

Barnetrinnet 5–7

- *Tonje Glimmerdal og Vaffelhjarte* (Maria Parr)
- *Dumme, dumme hjarte* (Linda Klakken)
- *Ollis* (Ingunn Thon)
- *Eksperimentet* (Harald Nortun)
- *Eg er eg er eg* (Ruth Lillegraven)

Ungdomstrinnet

- *Andromeda* (Lars Mæhle)
- *Lothepus. Går det til helvete, så går det til helvete* (Finn Tokvam)
- *Jag är Supermann* (Lars Mæhle)

Vidaregåande trinn

- *Homoflokar* (Kristin Fridtun)
- *Eg snakkar om det heile tida* (Camara Lundestad Joof)
- *Ikke ver redd sanne som meg* (Sumaya Jirde Ali)
- *Jølster hotell. Historier frå eit asylmottak* (Katrine Sele)
- *Det nye landet* (redaktør: Marie Dombestein)

Kritisk tenking og etisk bevisstheit

Opplæringa skal gi elevane ei forståing av kritisk og vitskapleg tenking. Kritisk og vitskapleg tenking inneber å bruke fornufta på ein under-søkjande og systematisk måte i møte med konkrete praktiske utfordringar, fenomen, ytringar og kunnskapsformer. Etisk bevisstheit er å vege ulike omsyn mot kvarandre og er nødvendig for å vere eit reflektert og ansvarleg menneske. Opp-læringa skal utvikle evna elevane har til å gjere etiske vurderingar, og gjere dei fortrulege med etiske problemstillingar. Kritisk tenking og etisk bevisstheit er både ein føresetnad for og ein del av det å lære i mange ulike samanhengar, og bidreg til at elevane utviklar god dømmekraft. Praktisk yrkesutøving og kunstnarisk arbeid krev òg evne til å reflektere og gjere vurderingar.

Barnetrinnet 1–4

- *Bo flyttar ut* (Trude Tjensvold)
- *Hundrelappen*. Leseland, nivå 1 (Håkon Forfod Sønneland)

- *Jakob og Neikob. Tjuven slår tilbake* (Kari Stai)
- *Jakob og Neikob. Naboen* (Kari Stai)

Barnetrinnet 5–7

- *God dag, herr Jul* (Laura Djupvik)
- *Den norske slavehandelen* (Anders Totland)
- *Snillionen* (Arnfinn Kolerud)

Ungdomstrinnet

- *Avlyst på grunn av sorg* (Magnhild Bruheim)
- *Nedteljing* (Anders Totland)
- *Under og Over* (Sturla Bang og Hilde K. Kvalvaag)

Vidaregåande trinn

- *Frankenstein* (Mary Shelley)

Skaparglede, engasjement og utforskartrong

Barn og unge er nyfne og ønskjer å oppdage og skape. I opplæringa skal elevane få høve til å utvikle engasjement og utforskartrong. Evna til å stille spørsmål, utforske og eksperimentere er viktig for djupnelæring. Skulen skal respektere og dyrke fram ulike måtar å utforske og skape på. Elevane skal lære og utvikle seg gjennom sansing og tenking, estetiske uttrykksformer og praktiske aktivitetar. Leik er nødvendig for trivsel og utvikling, men òg i opplæringa som heilskap gir leik moglegheiter til kreativ og meningsfylt læring.

Kunst og kultur omfattar mange skapande og kreative fagområde, som påverkar både dei fysiske omgivnadene våre og samfunnsutviklinga. I eit større perspektiv er skapande læringsprosessar òg ein føresetnad for danninga og identitets-utviklinga til elevane. Skulen skal verdsetje og stimulere vitelysta og skaparkrafta til elevane, og elevane skal få bruke dei skapande kreftene sine gjennom heile grunnopplæringa.

Barnetrinnet 1–4

- *Full fart! og Epleslang*. Leseland, nivå 2 (Vegard Markhus)

Barnetrinnet 5–7

- *Huck Finn og eventyra hans* (Mark Twain)
- *Fugleguten* (Rune Belsvik)
- *Flukt* (Atle Hansen)
- *Motorsykkelmysteriet* (Magnhild Bruheim)

Ungdomstrinnet

- *Venneringen* (serie) (Magnhild Bruheim)

Vidaregåande trinn

- *Grotten. Historia om eit hus og fem kunstnarar* (Ingvald Bræin)

Ungdomstrinn

- *Klimaboka* (Sigri Sandberg)
- *Bouvetøya 2052* (Lars Mæhle)
- *Dystopia* (Terje Torkildsen)
- *Korn – frå steinalder til genalder* (Åsmund Bjørnstad)

Vidaregåande trinn

- *Sigd* (Ruth Lillegraven)
- *Søkeord: Ayotzintli* (Marit Kaldhol)
- *Mørke: stjerner, redsel og fem netter på Finse* (Sigri Sandberg)
- *Verda mi smeltar* (Line Nagell Ylvisåker)

Demokrati og medverknad

Eit demokratisk samfunn kviler på at heile befolkninga har like rettar og moglegheter til å delta i avgjerdsprosessar. Vern av mindretallet er eit avgjerande prinsipp i ein demokratisk rettsstat og i eit demokratisk samfunn. Alle deltakarane i skulefelleskapen må utvikle bevisstheit om både minoritets- og majoritetsperspektiv og skape rom for samarbeid, dialog og meiningsbryting. Arbeidet med å dyrke mangfaldet på den eine sida og inkludere kvar enkelt på den andre krev eit bevisst verdisyn og utøving av profesjonelt skjønn. Skulen skal vere ein stad der barn og unge opplever demokrati i praksis.

Barnetrinnet 1–4

- *Jakob og Neikob. Stormen* (Kari Stai)
- *Når det regnar i Afrika* (Erna Osland og Per Ragnar Møkleby)

Barnetrinnet 5–7

- *Det forferdeleg geniale freseskyflyet* (Rolf Losnegård)
- *Skogen den grønne* (Ruth Lillegraven)
- *Bjørkebokstavar* (Hilde Myklebust)

Mellomtrinnet 5–7

- *Bestem deg, Tony T, bestem deg!* (Erna Osland og Sigbjørn Lilleeng)
- *Rosas buss* (Fabrizio Silei og Maurizio A.C. Quarello)

- *Dei et ikkje sjokoladepålegg i krigen*, *Aldri fred å få* og *Brevet frå krigen* (Ingunn Røyset)

Ungdomstrinn

- *Flukt* (Atle Hansen)

Vidaregåande trinn

- *Tre vegar til havet* (Brit Bildøen)
- *Når ein først skal skyte nokon* (Arnfinn Kolerud)

Bok på 1–2–3

Nynorsksenteret har utvikla tverrfaglege undervisningsopplegg som er enkle å ta i bruk i klasserommet. *Bok på 1–2–3*-opplegga ligg på nettsida www.nynorsk bok.no/category/123/ og viser korleis ein kan arbeide tverrfagleg med litteratur og verdigrunnlaget i opplæringa. Opplegga er prega av lek, undring og læreglede i grunnopplæringa 1–10. ■

Referansar

Hamre, P. (2006). *Kvifor arbeide med nynorsk litteratur?* Volda: Institutt for språk og litteratur, Høgskulen i Volda.

Moe, M. (2018). *Litteraturundervisning*. I S. Slettan, *Ungdomslitteratur – ei innføring* (s. 191–204). Oslo: Cappelen Damm Akademisk.

Støylen, J. K. (2017). *Leksjon 6: Nynorsk ungdomslitteratur*. Volda: Nynorsk i opplæringa ved Høgskulen i Volda.

Utdanningsdirektoratet. (2020, 25. mars). *udir.no*. Henta frå Overordna del – Verdigrunnlaget i opplæringa: www.udir.no/lk20/overordnet-del/opplaringens-verdigrunnlag/?lang=nno

– Du set deg ikkje ned og skriv di første bok og tenkjer: «No skal eg cashe inn ein fancy pris», fortel Ane Barmen (35). Men det var akkurat det som skjedde med ho. I fjor kom ho ut med debutromanen *Draumar betyr ingenting*, og så vann ho den prestisjetunge Brageprisen.

Tenkjer i scener

TEKST: **Anna Kirsten Aaland Hellevang** FOTO: **Maria Olivia Rivedal**



NOMINASJONSJURYEN til Brageprisen har mellom anna grunngjeve prisen med at *Draumar betyr ingenting* viser stor innsikt i korleis sorga kan opplevast som einsam fordi livet går vidare for dei rundt deg. Men for den som sørger, får livet ein annan farge. Likevel opplever ein boka som lettlesen.

Plutseleg ville alle dei store media ha omtale av brageprisvinnaren, og dei gav ho glimrande tilbakemeldingar. Dagbladet gav terningkast 6 og VG terningkast 5. Dette vart ein pangstart på forfattarkarrieren.

– *Kva handlar boka om?*

– Boka handlar om å prøve å handtere sorg i veldig ung alder når du er på veg ut i livet, fortel Ane Barmen.

Hovudpersonen Louise er 17 år, og lesaren møter ho i situasjonar som møter 17-åringar flest, med festar, venner og framtidsdraumar. I tillegg handlar boka om kor einsamt det kan følast med sorg, fortel Ane Barmen.

Det er likskapstrekk mellom Louise og forfattaren sjølv. Til dømes har begge flytta vekk på hybel i ung alder. Ane flytta for å ta vidaregåande utdanning alt som 15-åring og gjekk på musikklinja på Firda vidaregåande skule på Sandane. Forteljinga handlar om korleis hovudpersonen handterer sorga etter tapet av bestevenen sin.

– Eg har opplevd å miste nokon sjølv då eg var ung, fortel Ane Barmen.

Dette er inga bok om forfattaren sjølv, men fordi ho har opplevd noko av det same, er det lettare for ho å skrive om det.

Draumar betyr ingenting

«Draumar betyr ingenting» er noko Louise seier i starten av boka. Det vart tittelen på boka også.

Barmen fortel at ein ikkje skal henge seg opp i draumen om det som var.

– Louise vågar ikkje å gå vidare fordi ho er livredd for å miste bestevenen heilt. Men han er jo allereie borte. Ho må våge å gje slepp på fortida og vende blikket framover, elles vil ho aldri få det bra. Ein må gå vidare. Våge å sleppe dei gamle draumane og prøve å finne seg nokre nye, fortel ho.

Ho meiner det er dette boka handlar om mest av alt:

– Å våge å gje slepp, og å sleppe andre inn, fortel ho.

Tenkjer i scener

Ane Barmen er utdanna skodespelar ved NSKI (Norsk skuespillerinstitutt), og ho jobbar frilans som skodespelar.

– *Korleis tenkjer du når du skriv?*

– Eg tenkjer scener. Det kjem av at eg er skodespelar. Dialogen skal vere truverdig. Karakterane skal vere i utvikling. Eg skriv utkast. Det treng ikkje bli perfekt kvar gong, fortel ho.

Barmen har jobba nokre somrar på sjukeheim. Dermed blir det lettare å skildre hovudpersonen i jobben på sjukeheimen.

– Eg har skrive om ting eg forstår, føler eg.

– *Korleis blir karakterane dine til? Har du ei storesyster slik Louise har?*

– Eg har ei storesyster, og vi har eit harmonisk og greitt forhold. Boka handlar ikkje om oss, smiler ho.

Ho synest det er litt spennande å skrive om eit dårleg syskenforhold, og forfattaren trur at mange kan kjenne seg att i skildringa av korleis sysken kan vere mot kvarandre.

Oppveksten pregar språket

Barmen sitt språk varierer frå trauste ord og uttrykk til meir munnleg ungdomsslang. Av dei meir trauste orda skriv ho «såte» når ho skildrar det ruskete håret.

– Eg trur definitivt at oppveksten i Nordfjord pregar språket mitt, seier Ane Barmen.

Ho insisterer på å skrive «dei hine» i staden for «dei andre» og «fyrst» i staden for «først».

– Eg skriv dialektnært. Det er det som er så fint med nynorsk, du skriv så nært som du har lyst til. Det nyttar eg rått, ler ho.

Testlesar

Arbeidet med boka har vore ein mangeårig prosess. Dei første tekstane vart fødte alt for fem til sju år sidan. Eit avgjerande trekk var at ho kom inn på skriveskule på Gyldendal forlag i 2016–17. Barmen fekk også tre frå skrivegruppa til å gje tilbakemeldingar til ho før boka kom ut.

For dei som tenkjer på å bli forfattar, har Ane Barmen nokre få tips. Det første er å byrje å skrive, ikkje berre snakke om det.


– Mine beste tips til skrivelystne er eigentleg å lese mykje og skrive mykje. Og utvikle tjukk hud, for ein får så mange avslag, legg ho til. ■

Ane Barmen (35)

- Oppvaksten i Vågsøy i Nordfjord
- Busett i Oslo
- Utdanning: skodespelar og musikkvitar, har gått Gyldendals skriveskule
- Frilans skodespelar og skribent
- Vinnar av Brageprisen 2019 i kategorien barne- og ungdomslitteratur med debutromanen *Draumar betyr ingenting*.

Elevar som skal bli gode til å lese og skrive på nynorsk, må møte målforma si også i den digitale verda. På desse to sidene finn du nokre tips om digitale ressursar.

Fleire tips finn du på
nynorsksenteret.no/digitale



IntoWords og metodikken STL+

INTOWORDS er eit skrivestøtteverktøy som fungerer på nettbrett, PC, Chromebook og smarttelefon. Nynorsksenteret har testa verktøyet på iPad og Chromebook for å sjå korleis og i kva grad verktøyet kan vere til hjelp, først og fremst for elevar på 1.–4. trinn.

For nynorskelevane har det vore ei utfordring med liknande skriveappar at talesyntesen ikkje er tilpassa nynorsk. I IntoWords er talesyntesen «Olai» på nynorsk, i tillegg til at du kan velje svært mange andre språk i menyen, noko som er nyttig å vite om i fleirspråklege klasserom. Å ha eit godt skrivestøtteprogram med nynorsk talesyntese er viktig i metodikken STL+, der ein aktivt

brukar lyd støtte for å bli kjend med bokstavane og lære å lese og skrive.

For å kunne bruke IntoWords må skulen kjøpe ein lisens, og elevane logger seg deretter på via Feide. Elevane kan bruke IntoWords på fleire måtar. Mellom anna kan ein skrive direkte i programmet, som ein gjer i til dømes verktøyet Skole-skrift. Ein kan også bruke IntoWords som tastatur når ein skal skrive i andre program. På iPad fungerer det til dømes slik at når ein først har installert IntoWords og er inne i andre program eller appar, kan ein trykkje på globus-teiknet og få fram IntoWords-tastaturet.

Det er særleg nyttig å vite om desse fire funksjonane i IntoWords:

- **Ordprediksjon** – når ein har starta på eit ord, kjem det forslag til resten av ordet
- **Ordforslag** – det kjem forslag til det neste ordet i setninga
- **Ordbok** – slå opp og få ordforklaringar
- **Talesyntese** – å få teksten lesen høgt, i det tempoet ein vil


Det er viktig å merke seg at IntoWords ikkje er eit retteprogram. For å få ein god stavekontroll og merking av ord med feil, må ein nytte andre program.

IntoWords er verdt å prøve ut i lesing og skrivning på 1.–4. trinn, men kan også vere eit nyttig hjelpemiddel for eldre elevar. ■

Slik får du Windows på nynorsk

Dersom du vil ha Windows på nynorsk (og vil unngå at stavekontrollen i Word hoppar over til bokmål heile tida), må du installera ein nynorsk grensesnittpakke og setja nynorsk som Windows-visingsspråk, standard appspråk og standard inndataspråk. Slik gjer du det:

- 1 Gå til innstillingar (du finn dei ved å trykkja på startknappen og deretter det vesle tannhjulet).
- 2 Vel «Klokkeslett og språk»
- 3 Vel «Språk» i menyen til venstre
- 4 Her kan du velja nynorsk som visingsspråk. Dersom nynorsk ikkje ligg inne som eit val i nedtrekksmenyen, kan du lett installera det ved å trykkja på «Legg til et Windows-visingsspråk i Microsoft Store» og leita opp «Norsk (nynorsk) lokal grensesnittpakke». Trykk på «Skaff deg» for å byrja installeringa.
- 5 Sjå til slutt etter at «Norsk (nynorsk)» ligg øvst på lista over føretrekte språk, og at det er sett som standard appspråk, standard inndataspråk og Windows-visingsspråk.



Slik set du nynorsk som føretrekt språk på iPad

Grensesnittet på iPad finst førebels berre på bokmål, men ved å setje nynorsk som *føretrekt* språk i operativsystemet får du nynorsk på dei nettsidene og programma som tilbyr det. Til dømes vert då nettsida *google.no* på nynorsk.

Slik gjer du det:

- 1 Gå inn på Innstillinger > Generelt > Språk og region
- 2 På lina under «iPad-språk» står det «Andre språk». Klikk på «Andre språk» (ikkje på «iPad-språk»).
- 3 Finn «Norsk nynorsk» i lista og klikk at du vil ha det som føretrekt språk.

Dersom du har gjort alt rett, har du no ei liste med ønskt rekkjefølgje av språk der «Norsk nynorsk» ligg øvst, med «Norsk bokmål» på andre plass.




Slik får du Office-pakken på nynorsk

Denne oppskrifta er for Windows-maskiner (instruksar for andre plattformer ligg på Office-sida til Microsoft).

- 1 Opne Word. Gå inn på Fil > Alternativer > Språk.
- 2 Trykk på peikaren som heiter «Installer flere visingsspråk fra Office.com» (eller «Få flere språk for visning og hjelp fra Office.com», ordlyden varierer litt). Då kjem du til nettsida «Språktilbehørpakke for Office».
- 3 Litt nede på sida, under mellom-overskrifta «Trinn 1: Installere språktilbehørspakken», er det ein rullegardinmeny som heiter «Hvilket språk trenger du?». Vel «Norsk nynorsk» i den menyen.
- 4 Her får du opp valet om du vil lasta ned språkpakke for 32-bit- eller 64-bit-utgåva av Office. (Er du uvisst på om du har 32- eller 64-bitutgåva, ligg det instruksar på Office-sida om korleis du sjekkar slikt.) Last ned den rette språkpakken.
- 5 Når du får spørsmål om kva du vil gjere med den nedlasta fila, trykkjer du på «Kjør» og godtek at appen gjer endringar på eininga di.
- 6 Når installasjonen er ferdig (det kan ta nokre minutt), opnar du Word att. Der går du inn på Fil > Alternativ > Språk.
- 7 Sjå til at «Norsk (nynorsk)» ligg som øvste redigeringsspråk, at korrektur er installert og at nynorsk står som skjerm-språk/visingsspråk.

Returadresse: Nynorsksenteret, Høgskulen i Volda, Postboks 500, 6101 Volda



Dersom elevane ikkje meistarar dobbelkonsonant, kan det verta mykje bråk på skulebiblioteket.
På www.nynorsksenteret.no finn du fleire språktips i teikneserieform.